



## Hafslo barne og ungdomsskule

### Referat frå møte i SU/SMU

**Tysdag 10. februar kl 19.00 – 20.30, møterom i Fellesbygget.**

Til stades: Wenche Sollid (FAU), Nina Hauge Sørensen (FAU), Lise Vik Haugen (FAU), Lene Therese Berge (lærarrepr), Aslaug Øydvin (lærarrepr), Judith Natvik (andre tilsette), Kjell Ertesvåg (rektor), Britt Brugrand (leiar),

---

#### **Sak 14-14/15: GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 18. NOVEMBER-14**

OK

Lise ønskjer at namnet skal stå på innkalling og møtereferat slik som det gjer med andre.

#### **Sak 15-14/15: BYGGESAKA & KLATREPARK**

- Biblioteket vert flytta til dagens kantine i løp av veke 8. Biblioteket skal igjen vere operativt frå veke 9. Dei vil møblere langs veggene slik at bruken av rommet vert disponibelt til andre aktivitetar.
- Torsdag 12.2 skal det vere anbodsynfaring på området. Fristen for å komme med anbod er 6.3 og ein forventer framleis byggestart i april/mai 2015. Det er vist god interesse for anbudet.
- Skulebygget til Luster VGS er kjøpt av Luster kommune. Det gjer at Hafslo barne- og ungdomsskule får behalde utearealet sitt slik det er i dag.
  - o Eit forslag frå byggegruppa er at ein nyttar inngangen og administrasjonromma slik dei er i dag. Det ville vert eit flott møtepunkt og då ville det ikkje lengre vere tvil om kvar administrasjonen er for ukjende. (Britt tek det med seg tilbake til kommunen).
- Ein håpar å starte bygging av klatrepark når snøen er borte.
- Det er sagt at ein mest truleg startar med å byggje det som skal byggjast på skuleplassen før sommaren. Slik at bygga er tette før neste vinter.
- Når det gjeld 10. klasse vil dei få nytt klasserom i byggeprosessen. Byggingen vil medføre ein del bråk og skulen ser det som viktig at dei får best mogleg forhold inn mot eksamen.

#### **Sak 16-14/15: STÅSTADSANALYSEN 2015**

- Ståstadsanalysen er eit verktøy alle skular og barnehagar i Luster kommune nyttar seg av. Alle skal gjennomføre analysen kvar 2. år.
- Med i analysen er
  - o Elevundersøking og nasjonale prøver som elevane gjennomfører kvart år.
  - o Foreldreundersøking
  - o Ståstadsanalyse for dei tilsette
- Skulen har i motsetnad til barnehagane valt å ikkje ha assistentane med på analysen. Det vert begrunna med at analysen inneheld for mange spørsmål assistentane ikkje kan svare på.
- Tilsette og leiing analyserer resultatane og kjem fram til kva ein er flinke på og kva ein må bli betre på. ut frå desse punkta lagar ein seg ein utviklingsplan. Ein kjem tilbake med innhalde i planen seinare.

### **Sak 17-14/15: UNGDOMSTRINNSATSINGA**

- Ungdomstrinnsatsinga er ei nasjonal satsing der alle ungdomsskulane i landet deltek. Sidan Hafslo barne- og ungdomsskule er ein 1-10 skule kjem heile skulen inn under ordninga.
- Skulen skal i løp av skuleåret 15/16 planlegge kva tema dei vil satse på. Her brukar ein hjelpemiddel som ståstadanalysen for å finne områder. For tidleg å seie noko om kva tema ein vel per no.
- Skuleåret 16/17 er Hafslo med, saman med alle ungdomsskulane i Indre Sogn.
- Høgskulen kjem inn som ein støttespelar og føl opp skulen.
- Eit av måla er å treffe elevane på ein betre måte, slik at dei får eit større utbytte av undervisninga. Trivsel vil vere avgjerande for det faglege utbyttet meiner mange. Mindre teoribasert undervisning og klasseleiing kjem opp som forslag i SU.
- Inger Marie Evjestad er tilsett som Utviklingsrettleiar i Indre Sogn i samband med denne satsinga.
- Lesing er skulen på god veg til å bli gode på.
  - o Det er eit ekstra fokus i alle fag
  - o Me er på god veg til å få ein betre kvalitet på lesing og leseopplæring.
  - o Dei gode rutinane som er opparbeida må holdast på.
  - o Skulen har klart å heve kompetansen utan å vere med i eit prosjekt. Men ved å ha det som satsingsområde.

### **Sak 18-14/15: LEKSEHJELP 2015/16.**

- Ved skuleslutt 2014 vart lova/forskrifta om leksehjelp frå 1-4 klasse oppheva. No er det opp til kommunane å bestemme kven som skal få leksehjelp og korleis dette skal utførast.
- Alle på møte er einige om at å ha leksehjelp i 1-2 klasse er unødvendig. Foreldra meiner og at det kan vere nyttig å innarbeide gode lekserutinar i heimen før dei startar på leksehjelp.
- Det er 8. timar kvar veke som skal fordelast, tilbodet skal framleis vere frivillig og det ligg ikkje inne peng til å tilby ekstra skyss.
- Det vart løfta tankar om at ei frivillig ordning ikkje ville bli prioritert av elevane på ungdomsskulen. Då kunne ein kanskje heller bruke ressursen som var gitt på intensive kurs inn mot eksamen.
- Rektor legg fram 2 forslag: alternativ 1 for 3-7 klasse, og alternativ 2 5-7 klasse. Forslaga skal diskuterast vidare i FAU og på skulen.
- Leksehjelp kan vere eit ledd i å minke sosiale forskjeller, foreldra slit meir jo eldre elevane vert og det vert vanskeleg å kunne hjelpe til.
- Det var einighet på møte at ein pedagog hever kvaliteten og seriøsiteten på leksehjelpa. Skulen får dekkja assistentlønn men ser på moglegheiter for å klare å dekkje mellomleddet.
- SFO kom opp som eit tema. Om ikkje leksehjelp lengre skal vere ein del av SFO kan ein legge til rette aktivitetar på ein ny måte.
- Endringa kjem til hausten. Rektor vil sende ut eit informasjonsskriv der alternativa kjem fram, slik at foreldra er klar over kva tilbod som forsvinn før sönadsfrist til SFO neste skuleår. Dette skrivet vert og send til neste års 1. klasse foreldre.
- Leksedebatten: ein interessant debatt å ta med vidare
  - o Kor mykje, kor ofte, kva, om det berre er repetisjon kvifor er det så mange som treng hjelp, skal ha skal ikkje ha? Osv.
  - o Alle er einige om at ein skal ha leselekse kvar dag.

### **Sak 19-14/15: Vinter & vår 2015, diverse arrangement.**

- Skidagar: alle skular får ein dag gratis i trekker, Hafslo reiser fredag i veke 9
- HISF arrangerer ein skidag for 4-7 klasse på langrenn.

- Foreldra ønskjer eit felles skriv for heile skulen. Reglane skulen sett skal vere kjende for alle. Også dei reglane som ikkje gjeld ditt barn slik at det vert lettare å samkjøre for foreldra.
- Skulen må tenkje kva kan vere nyttig informasjon for foreldra og heller skrive meir enn mindre.
- Det er laga til ein digital idekasse på heimesida. Her finn ein nyttig informasjon om diverse knytt til klassekontaktvervet.

### **Sak 19-14/15: YMSE**

- Pengar frå banken
  - o Skulen prioriterer friluftsliv, kjøper inn 8 kanoar med hengar. Det vil og lage ein friluftsplass i nærleiken av skulen der ein kan ha base.
  - o Spørsmål om å bruke nokre av pengane til fornying av lydanlegg, eventuelt om moglegheitane for å søkje andre midlar.
  - o Det er ønskje om prosjektor i gymsalen, spørsmålet er om ein kan utnytte seg av kompetansen i forbindelse med ombygginga. Her må ein vente å sjå om det er pengar igjen.
- Ordensreglar frå UDIR
  - o Usikkert om dette er noko nytt, ein undersøker vidare.
- Kjell har sagt opp ved Solvorn oppvekstsenter. Nyhendinga vert godt mottatt i SU.
- Revidering av inspeksjonsinstruks:
  - o Dei nye planane vart vist til gjennomlesing.
    - Skulen må verte endå flinkare til å plassere vaktane der dei har elevvar, som eit tiltak til konfliktløysing. Dette er ikkje 100% godt nok i dag. Kontaktlærer kjenner elevane best, og kjem ofte ikkje nær nok i situasjonen.
  - o Planane er framleis ikkje revidert ferdig.
- Felles stor foreldremøte for ungdomsskuleforeldre i kommunen:
  - o Mia Børjeson, føredragsholder og forfattar, skal halde eit føredrag for ungdomsskuleelevar og ungdomsskuleforeldre i kommunen. Foredraget skal handle om motivasjon, og ho vil komme med innblikk i utfordringar som foreldre samt råd og tips til korleis å hjelpe borna best mogleg. 1 time for elevane og 2 for foreldra.
  - o Det blir halde to fordrag denne dagen, eit for elevane i Gaupne, og eit for foreldra på Hafslo. Skulen ordnar transport av elevane inn til Gaupne, samt lydanlegg og sitjeplasser til foreldremøtet. Ein vart samde om at elevane med foreldre i 9.klasse ved Hafslo får drive ein liten kafé i pausen. Folkeakademiet stiller med konferansier om det er ønskelig.
  - o Børjeson ville ha 20000 kr for å halde foredraget. FAU frå Luster ungdomsskule har fått med seg Luster sparebank og Folkeakademiet, dei går inn i prosjektet med 15000 kr kvar. Kravet dei stiller er at logoen deira skal vere synleg på alle skriv og dei vil ha bannere synleg på foredraget.

- Foredraga vert onsdag den 15.4 klokka 19.00 om kvelden. Kjell ordnar eit felles påmelding den skal leverast tilbake til skulane seinast fredag i veka 15. Skulane orienterer foreldra om foreldremøtet i god tid slik at ein kan setje av datoen tidleg.
- Samarbeid Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule
  - Eit ledd i «Lustraidentiteten»
  - Vidareføre samarbeidet etter evalueringa av foreldremøtet
  - Forslag om felles valfag, skidag, eventuelt noko for 10. klasse.

Hafslo, 11.02.15

Lene Therese Berge

- Referent -

---

Merknad til referatet vedr spørsmål om kva valfag HBU og Luster ungdomsskule har:  
Valfag for Hafslo barne- og ungdomsskule 2014/15.

Valfag HBU:

Fysisk aktivitet og helse  
Design og redesign  
Produksjon av varer og tenester  
Trafikk

Valfag Luster ungdomsskule:

Fysisk aktivitet og helse  
Helse og teknologi i praksis.  
Trafikk  
Innsats for andre.

Kjell E